

Møtebok 8-23 Lykling sokneråd

Dag: Ons 20.09.23

Tid: kl 19:00

Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Desse møtte:

Fridleif Lydersen, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide, Inger Johanne Sele og Johannes Bernhard Hjelland

Fråverande:

Sissel S. Gåsland

Opning: v/ Inger Johanne Sele – *Las dikt av Ann Kristin Sønstabø, dikt av Phil. Bosmans.*
Avslutta med salme nr 1 i Norsk salmebok

Saksliste:

Sak 62-23 Godkjenning av referat og innkalling

Merknad på skrivefeil i innkallinga. Merknad på skrivefeil i referatet.

Sak 63-23 Meldingar og skriv

Korøving i Lykling kyrkje: tir 12.09, ons 27.09, tir 17.10, ons 01.11, tir 07.11, ons 15.11, tir 21.11, ons 29.11. Alle dagar kl 18:30 - 21.

Vedtak om kyrjekaffe etter gudstenesta 24.09.23 – konfirmantpresentasjon.

Sak 64-23 Nokon som har noko å melde frå sitt ansvarsområde?

Info frå kasserar: Skriva inn sum i gudstenesteboka, etter offer på vipps .

Sak 65-23 Val 2023

Valresultat .

Evaluering av planlegging, gjennomføring og etterarbeid.

Invitera nyvalt sokneråd m/vara medlem til møtet 18.10.23.

Val 2023: Rapport valresultatet ferdigstilt – underskrift av medlemma i soknerådet.

Evaluering: Førehandsval i kyrkja vart ikkje gjennomført grunna manglande vallister. Soknerådet meiner det bær vera betre opplæring i forkant av valet. Soknerådet var invitert til eit opplæringsmøte på kommunehuset, men dette var også eit møte som gjaldt opplæring i forkant avv kommune- og fylkestingvalet. I det møtet var det lite, eller ikkje noko som angjekk sokneråds- og bispedømmerådsvalet. Ved neste val bør sokneråda få tilbod om eit møte egna for dei.

Soknerådet opplevde det som positivt å ha møte i same bygg som kommune- og fylkestingvalet.

Sak 66-23 Båttur m/konfirmantgruppa 2023/24

Evaluering. Erfaringar til å ta med seg til haust 2024?

Svært positiv oppleving både for konfirmantar og leiarar. Stemning for ny tur neste år.

Sak 67-23 Kanaldags gudstenesta 03.09.23

Evaluering. Erfaringar til å ta med seg til haust 2024?

Enkle førebuingsoppgåver. Gjekk godt. Halda fram på same måten i 2024.

Sak 68-23 Temakveld torsdag 28. september kl 19:00

Vennskapskyrkjelyden i Sangaste, Forteling i ord og bilder, kaffipause?

samtale/spørsmål , v/Aksel Lygre m/fleire.

Soknerådet er vertskap. Annonse!

Bruke samme annonsen som til temakvelden på Moster. Fridleif ordner med denne.

Soknerådet deltek som vertar. Elisabeth og Linda sørger for kaffi og forfriskningar.

Inger opnar- ønsker velkommen, og takkar for frammøte v/avslutning.

Sak 69-23 Temakveld torsdag 19.oktober kl 19:00

Skullerud m/kor + allsong og dikt v/Joh. Hjelland

Øystein Skullerud m/kor. Dikt v/Johannes B. Hjelland. Ikkje allsong. Hjelland og Skullerud førebur innhaldet til temakvelden. Soknerådet er vertskap.

Temakveld søndag 26.11.23 kl 19:00. Salmeønskekveld v/Simon Madsen. Opp som sak på nestesoknerådsmøte 18.10.23

Sak 70-23 Ymse

Fridleif m/spørsmål om å arrangera Hellige tre kongers fest på Bremnes, saman med Bremnes sokn. Forslaget blei nedstemt av Lykling sokneråd. Forslag om dato for Lykling sokn blei då 21.01.24. Ikkje råd å finna dato før. Dato ikkje endeleg setla!

Fridleif informerte om gudsteneste 08.10.23 – hans siste i soknet, og gudsteneste 22.10 v/diakon som vikar. Målet er å få på plass ein mellombels vikarprests narast.

Linda fått mail om bibelgruppe. Informert om. Samtalt om. Ikkje gjort noko vedtak.

Astri m/forslag om å kopiera opp ark m/oversikt over gudstenestedatoar m.m. som kyrkjegjengarar kan ta med seg heim. Opplysa om dette i kunngjeringane.

Soknerådet avgjorde å invitera det nyvalde soknerådet til soknerådsmøtet 18.10.23. kl 19:00. Etter at møtet er ferdig et me kveldsmat saman, smørbrød frå kafeen på bygdatunet . Passa på nokre gluten- og laktosefrie. Etter maten takkar det gamle soknerådet av og går. Det nyvalde soknerådet går til konstituering av seg sjølv. Inger og Fridleif rettleiar desse i prosessen.

***Neste soknerådsmøte onsdag 18.10.23 kl 19:00.**

***Ord til opning på møtet: Fridleif**